

Bok på 1-2-3



Himmelspringaren

Av Sissel Horndal

Dette er eit tverrfagleg opplegg for 1.–4. trinn i norsk, KRLE og kunst og handverk med utgangspunkt i temaet «folkehelse og livsmeistring».

Tid: 90 minutt

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektør. Finne fram boka.
- Utstyr til måleaktivitet:
 - Kvar elev treng: Eit kvitt ark, målingsasjett med litt blåmåling og litt raudmåling (akryl/tube), blyant, ein bomullspinne, svart fargeblyant eller tusj.
 - Læraren må ha: Kvit måling eller korrekturlakk (til auga).

«Det byrja ei natt i april. Heile Rakkarhågen var pakka inn i skodde, og Gullullafjøset såg ut som det hang i lause lufta. Inne i fjøset sto Fjellfjosa, ballrund som ei kule. Johanna godprata med ho, klødde ho bak øyra og kviskra mjuke ord. – Kjære, flinke Fjosa mi, sa ho. – Kor eg gler meg til å sjå ungane dine. Det Johanna ikkje visste, var at det denne natta skulle bli født eit lam i Gullullafjøset som ingen hadde sett maken til i heile fjorden. Og sikkert ikkje i fjorden bortanfor heller.»

Slik byrjar forteljinga om Lilla Himmelspringar. Fjellfjosa får tre kvite, fine lam denne natta. «Plutseleg daska endå ein krusedull rett ned i golvet. Alle vart ståande og gape. Noko var FULLSTENDIG gale. Ho er jo ... lilla! sa Johanna.» Noko lilla lam vil ikkje Fjellfjosa ha, det fjerde lammet vert kopplam og får ikkje vere med på fjellet. Men Gamalsauen har vore kopplam sjølv. Og ho kjenner alle vegane i fjellet. Spenninga toppar seg når jerven kjem og truar sauene på beite i Heimfjella. Lilla finn motet i seg, og tek sats.

Formål

etter læreplanen frå 2020

Folkehelse og livsmeistring som tverrfagleg tema i skulen skal gje elevane kompetanse som fremjar god psykisk og fysisk helse. I barne- og ungdomsåra er det å utvikle eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet særleg avgjerande.

Norsk etter 2. trinn

- Lytte til og samtale om skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk.
- Uttrykkje tekstopplevingar gjennom leik, song, teikning, skriving og andre kreative aktivitetar.

Kunst og handverk etter 2. trinn

- Eksperimenterer med form, farge, rytme og kontrast.

KRLE etter 4. trinn

- Setje seg inn i og formidle egne og andre sine tankar, kjensler og erfaringar.



1 Før lesing

(5 minutt)

Samtale om framsida på boka

- Sjå på framsida. Kva er spesielt med sauene? Har du sett ein lilla sau nokon gong? Kva ansiktsuttrykk har sauene?
- Kva meir ser du på framsida? (Stjerner, måne, skyer, strekar. Tekst: Tittel, forfattar og forlag.)



2 Lesing

(20 minutt)

Les boka for klassen, og vis ho samstundes på smarttavle. Legg ekstra trykk på orda med større skrift.

3 Etter lesinga

(10 minutt)



Gamalsauen og Lilla møter Fjellfjosa og dei andre lamma. (Utsnitt frå boka)

Snakk saman:

- Kvifor trur du at mamma Fjellfjosa ikkje likte at lammet ho fekk, var lilla? (Fordi det var annleis enn dei andre.)
- Korleis trur du at Lilla hadde det då mora tok seg av dei tre søskena hennar, men ikkje ho?
- Kvifor trur du at Gamalsauen tok til seg Lilla? (Fordi Gamalsauen var klok og ikkje var redd for om Lilla var annleis enn dei andre.)
- Kven er Varslar, og kvifor trur du sauene heiter det? (Fordi ho/han seier ifrå om farlege dyr som kjem nær flokken)
- Kva var det som gjorde at Lilla ropte at jerven skulle ta henne i staden for det vesle lammet? (Var det at ho var modig, og at ho sjølv hadde vore lita og svak? Kanskje ho visste at ho klarte å hoppe over Daudingkløfta, fordi Gamalsauen hadde viste henne det?)
- Til slutt seier Fjellfjosa at ho gjerne vil få fleire lilla lam. Kvifor? (Fordi Lilla har vist at ho er modig og berga det vesle lammet.)
- Har du vore redd ein gong og tort å gjere noko modig?

Lilla var annleis enn dei andre sauene, og kjende seg utanfor. Alle kan vi av og til kjenne oss utanfor.

Leit opp framsida til boka på smarttavla igjen, slik at biletet kan stå som inspirasjon under måleøkta.



4 Måle Lilla Himmelspringar

(45 minutt + tid til å hengje opp bileta)


Veit de kva to fargar vi kan blande saman for å få lilla? (Raud og blå). I dag skal vi måle med bomullspinnar! Då kan de velje om de vil blande lillafargen på blandeasjetten/loket, eller om de vil lage raude og blå prikkar. I dømet har vi brukt kvitt papir og lilla sau, men de kan gjerne måle kvite sauer på svart ark, grønne sauer på gule ark, brune sauer på lyse ark, eller skape eit fargerikt sauefellesskap på ein annan måte.

Steg for steg:

1. Teikn ei oval form med blyanten, midt på arket. Dette skal bli kroppen til Lilla Himmelspringar.
2. Bruk bomullspinnen til å lage mange prikkar attmed kvarandre på arket. Utforsk om du vil ha blande lillafarge på blandeasjetten, eller om du vil ha blå og raude prikkar på arket. Frå avstand vil det sjå lilla ut.



4 Måle Lilla Himmelspringar (framhald)



3. Når du har fylt heile sauekroppen med farge, brukar du bomullspinnen til å dra ut to bakbein, to frambein, og gjerne ein liten hale. Ei oval form vert til hovud, med to øyre. Lat tørke.
4. Når den lilla målinga er tørr, kan de lage ein kvit prikk til auget. Det må vere heilt tørt før du lagar ein svart prikk til pupill. Farg svart inni øyret og på klauvane til sauene.

Til slutt kan de hengje opp himmelspringarane eller bruke dei som utgangspunkt for å skrive meir om Lilla og korleis ho kjende det då Varslar sprang i hælane på henne, eller dikte vidare på kva som hende neste sommar i Heimfjella.

Tips til utstilling:

- Heng måleria litt høgt på veggen etter kvarandre, så det vert ein bord av hoppande lilla himmelspringarar.
- Mål Lilla Himmelspringar med eigna vaskbar måling på eit vindauge.